

Til deg som er barneskulelærer i Ung lærar-prosjektet

Takk for at du bidrar til *Ung lærar*! Din innsats er viktig for å skape gode opplevingar – både for egne elevar og for ungdomsskuleelevane som skal prøve seg som lærarar for ein dag.

Dette er din rolle i prosjektet:

1. Forbered elevane dine

Fortel elevane at det snart kjem "unge lærarar" – ungdomsskuleelevar som skal prøve seg som lærarar for ein dag. Dei kjem for å bli kjent, leie aktivitetar og teste ut det å undervise.

Hjelp gjerne elevane med å møte dei unge lærarane med nysgjerrigheit og respekt.

2. Del informasjon med ungdomsskuleelevane

Start dagen med ein kort prat med ungdomsskuleelevane. Sei gjerne noko om:

- Kva slags klasse dei skal møte (t.d. om elevane er stille, aktive, nysgjerrige, etc.)
- Om det er noko spesielt å vere merksam på i elevgruppa
- Korleis elevane vanlegvis reagerer på nye vaksne eller endringar i kvardagen
- Kva elevane gleder deg til – eller kanskje gruar seg litt til!
- Hjelp gjerne tips om ei god gruppedeling

Det treng ikkje vere langt – ein liten peptalk gjer ofte stor forskjell for dei unge som skal prøve seg i ei ny rolle.

3. Minn om teieplikta

Ungdomsskuleelevane har fått informasjon om generell teieplikt og har signert på dette, men det er fint om du minner dei på at det dei ser og høyrer i klasserommet skal behandlast med diskresjon og respekt.

Ung lærar er eit undervisningsopplegg for faget utdanningsval på ungdomsskulen. Gjennom to dagar får elevar prøve seg som lærarar – først gjennom førebuing saman med mentorar (oftast lærarstudentar), deretter ved å halde ein «draumetime» for yngre elevar. Målet er å skape gode opplevingar, meistring og refleksjon, og å inspirere fleire til å sjå for seg ein framtid som lærar. Du finn meir informasjon om Ung Lærar her: [Ung lærar – langsiktig lærarrekuttering - Høgskulen på Vestlandet](#)

Tusen takk for at du er med!

Ditt bidrag er med på å gi ungdomsskuleelevane eit glimt inn i læraryrket – og kanskje plantar du eit frø hos ein framtidig kollega.